

Saksfremlegg

Sak 9 - Fortsetter prisveksten på fisk?

I år har det vore vesentlege nedgangar i kvotane for fleire viktige kommersielle artar. For torsk var kvoten «all time high» for få år sidan. For somme artar har nedgang i kvote vore varsla. Fiskeri er hausting av naturen, og det er ei kjent sak at det er både bølgetoppar og bølgedalar i fiskeri. Slik sett bør det ikkje koma overraskande at det kjem ein «korreksjon» etter mange gode år.

Pelagisk Forening har gått imot hasteforslag om store endringar av fiskerireguleringar, grunngjeve i kvotenedgang.

Kvoteråda er basert på forskning. Utanom å forska meir, og betre, er det lite å gjera med kvotenedgangane. Derimot kan det gjerast tiltak for å få auka prisar. Med lågare kvotar er det viktig å selja fisken til høgare pris, slik at mest mogeleg av kvotenedangane blir kompensert med høgare prisar.

Marknadsarbeid er eit langsiktig arbeid, men med lågare kvotar er det desto viktigare å auka innsatsen på generisk marknadsføring. Det bør fokuserast på at fisk er sunn mat, og mat med låge klimautslipp.

Fallande kronekurs har ført til stadig aukande prisar målt i norske kroner. Internasjonalt har ikkje prisane auka tilsvarande. Å satsa på ytterlegare fall i kronekursen kan vera risikabelt.

Stor etterspørsel etter fisk til produksjon av mjøl og olja har ført til høge prisar på fisk levert til på fisk til mjøl og olja. Det er grunn til å tru at etterspurnaden vil auka ytterlegare, og det kan føra til høgare prisar. Samstundes er det er liten skilnad på pris for fisk til konsum, og pris på fisk til mjøl og olja. EU kritiserer Noreg for å bruka fisk egna til menneskemat, til mjøl og olja.

Det er slik at EU har høgare tollsatsar på tilverka norsk fisk enn kva EU har på utilverka fisk, og Japan har høgare tollsatsar på norsk makrell enn kva Japan har på makrell frå EU.

I januar truga EU-parlamentarikarar med å innføra handelsrestriksjonar på norsk fisk. Noreg blei skulda for å driva fiskeriforvaltning som ikkje var berekraftig. Noreg blei òg skulda for kjøp av russisk fisk, og for å la russiske fiskefartøy få bruka norske hamner.

Kritikken rettar seg mot Noreg sin marknadstilgang og handelsrestriksjonar, kvotefordeling, tilgang til norske farvatn, forvaltning av felles ressursar, og krav om minst 60 % norsk eigarskap.

Gode handelsavtalar for norsk fisk er viktig. Dette gjeld spesielt for land med godt betalende marknader. Noreg bør ikkje gje bort kvantum i bytte med marknadsadgang.